

Klimabarometeret 2023



Vestfold og Telemark
FYLKESKOMMUNE

Ein statusrapport for klimaarbeidet hos medlemma i Klima- og energinettverket



**Vestfold og Telemark
fylkeskommune jobbar for å nå
eit mål om 60 prosent kutt i
klimagassutsleppa innan 2030.**

Klima- og energinettverket er eit viktig verktøy for å nå målet. I denne rapporten tek vi pulsen på klimaarbeidet som medlemmene gjorde i 2022.

Innhald

1. På veg mot klimamåla – ein samla status	4
2. Aktivitetar i 2023	5
3. Evaluering av nettverket	7
4. Arbeidsgrupper i nettverket	8
5. Klimasatsprosjekt: «Klimavennlege anskaffingar»	8
6. Medlemmer og partnarar.....	10
7. Klimarekneskap på 1-2-3.....	11
8. Klimarekneskap for 2022.....	13
8.1. Færder kommune.....	13
8.2. Holmestrand kommune.....	14
8.3. Horten kommune	14
8.4. Kviteseid kommune	15
8.5. Larvik kommune	16
8.6. Sandefjord kommune	17
8.7. Tokke kommune	19
8.8. Tønsberg kommune.....	20
8.9. Vinje kommune	21
8.10. Vestfold og Telemark fylkeskommune	22
8.11. Atea	24
8.12. Backe Vestfold og Telemark	25
8.13. FossTech	26
8.14. Fritzøe Eiendom.....	27
8.15. Gjennestad Drift	27
8.16. Gurusoft.....	29
8.17. Jotun	29
8.18. Kragerø Fjordbåtselskap.....	30
8.19. NOAH	31
8.20. NorEngros – Erik Tanche Nilssen	32
8.21. Skagerak Energi	33
8.22. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark	33
8.23. Sykehuset Telemark	34
8.24. Torp Sandefjord Lufthavn.....	35
8.25. Universitetet i Sørøst-Norge.....	37
8.26. Vow	37
9. Tankar om klimarekneskapsmetoden.....	39

– Ein viktig jobb

Klimaendringane er noko som pregar kvardagen vår i stadig større grad. Eit varmare og våtare klima er noko vi ikkje kan unngå å leggje merke til, med blant anna styrtregn, jordskred, tørkeperiodar og flaum. Gjer vi ingenting for å stanse klimaendringane vil det kome til å koste, både i form av kostnader for reoperasjon av skader i etterkant, men ikkje minst i form av tap av uvurderleg natur- og artsmangfald, tap av tryggleik og konsekvensar for menneske i både Noreg og resten av verda. Difor er det bra å sjå at mange bedrifter og kommunar forpliktar seg til å gjere sin del av jobben. Nesten alle medlemmene av Klima- og energinettverket har i år fortalt oss at dei har sett i gang klimatiltak nettopp fordi dei er med i nettverket. Fylkeskommunen er også sjølv ein del av denne statistikken, og det skulle berre mangle at også vi er med på klimajobben, som kanskje er det mest omfattande prosjektet i verda. Klimabarometeret i år samanfatar ein del av resultatet av klimajobben for 2022, og det er gledeleg å sjå at utsleppa er på rett veg – nedover. Lykke til vidare med klimajobben, alle saman!

Terje Riis-Johansen

fylkesordfører i Vestfold og Telemark



1. På veg mot klimamåla – ein samla status

Du har no komme over eit eksemplar av Klimabarometeret for 2022. Som namnet indikerer er dette ei oversikt som måler, om ikkje lufttrykket, så i alle fall trykket der ute blant kommunar og bedrifter som er med i Klima- og energinettverket i Vestfold og Telemark. Det første Klimabarometeret vart laga for 2020-2021 og årets utgåve er den andre. Den er kan hende også det siste felles barometeret laga for Vestfold og Telemark, sidan fylkeskommunen står midt i ein delingsprosess.



Barometeret tek for seg klimarekneskapane til medlemmene i nettverket. Nokon rapporterer for første gong, mens andre har laga klimarekneskap i over 15 år. Vi heiar på dykk alle, same kor lenge de har halde på. Det viktigaste i første omgang er at ein kjem i gang. Og sjølv om klimarekneskap kan høyrast litt tørt ut er det eit viktig verktøy for å sjå korleis vi ligg an i klimaarbeidet. Klarer bedrifta di å nå måla den har sett seg på klima? Sånt er jo greitt å vite. Noreg har forplikta seg til å kutte minst 55 prosent av utsleppa sine innan 2030, og då må vi alle bidra. Kvar tonn tel! Vi heiar på dykk i Klima- og energinettverket som har forplikta dykk til å ta klimaarbeidet på alvor. Vi veit at mange av dykk jobbar for å nå klimamåla, kvar dag, og det gav resultat i 2022. For sjå berre her:

- Verksemdene i klimabarometeret kutta sine egne direkte utslepp med 7,7 prosent (median) i 2022. Gjer dei det kvart år fram mot 2030, så oppfyller vi Paris-avtalen.
- Utsleppa frå straumforbruk fall med 0,4 prosent frå året i førevegen. Dette ser kanskje ikkje så imponerende ut, men hugs at dette var i eit år då samfunnet opna opp igjen etter pandemien, og varmeomnane måtte på då folk kom tilbake til kontoret.
- Dei indirekte utsleppa frå innkjøpte varer og tenester ser ut til å auke, men dette kjem av at verksemdene har vore flinke og teke inn nye slike postar i den siste klimarekneskapen sitt. Førebels er dette mest eit teikn på at klimarekneskapane blir meir omfattande for kvart år som går, og det tolkar vi som eit positivt teikn.

Om bedrifta eller kommunen din enno ikkje har komme i gang med klimarapporteringa, håpar vi dette Klimabarometeret kan vere til inspirasjon for å gå frå ord til handling.

Om klima- og energinettverket

Klima- og energinettverket i Vestfold og Telemark starta opp midt i pandemien i 2020. Trass i dette har nettverket hatt eit stigande tal medlemmer. Nye medlemmer har komme til, også i 2022, og det er gledeleg å sjå at medlemmene kjenner dei får noko ut av medlemskapen. Det kan du lese meir om på side 7 i dette Klimabarometeret.

2. Aktivitetar i 2023

Noko av det medlemmene skal få ved å vere med i nettverket, er arrangement som kan gi fagleg påfyll, høvet til å utveksle erfaringar og knytte nye kontaktar. Trass i den pågåande delinga av fylkeskommunen har nettverket halde oppe eit tilnærma normalt aktivitetsnivå i 2023.

Eigne arrangement

Sekretariatet har stått for følgjande egne arrangement i løpet av året:

- Digitalt medlemsmøte om støtteordningar (januar).
- To webinar om klimarekneskap (februar).
- Webinar om krav til fossilfrie transportløyisingar i innkjøp og anskaffingar (mars).
- Energifrukost under Industriuka, saman med Skagerak Energi (Porsgrunn, mai).
- Fysiske heildags medlemsmøte: Powerhouse i Porsgrunn (april), Gjennestad i Sandefjord (juni).
- Kvelden før kvelden – oppvarming til Lydløs-festivalen, saman med Klimapartnere Agder. (Arendal, juni)
- Konferanse om arealbruk- og klima (Larvik, august), i samarbeid med plannettverket Plan & Utvikling
- Toppleiarforum 2023 (Skien, oktober).
- Vi planlegg også eit digitalt medlemsmøte i november/desember.



Samarbeidsarrangement

Nettverket har også tilbode medlemmene å delta, gratis eller til rabattert pris, på arrangement hos samarbeidspartnarar og andre eksterne partar vi har samarbeidd med i løpet av året:

- Industriuka (Porsgrunn, mai)
- Lydløs-konferansen (Arendal, juni)
- Arendalsuka (Arendal, august)
- Oppstart av Forum for massehandtering (Tønsberg, august)
- Diverse eksterne webinar via nettverka i andre fylke.



Annann aktivitet

- Jury medlem for berekraftsprisen under regionsmeisterskap for elev/ungdom/studentbedrift
- Delteke og halde innlegg på andre arrangement og eksterne møter.

3. Evaluering av nettverket

Våren 2023 sende nettverket ut ei evaluering til medlemmene, for å sjå om arbeidsforma har vore formålstenleg og ført til dei ønskete resultatane. 40 av dei 62 medlemmene svarte på undersøkinga, og svara er hyggjeleg lesing:

- 80 prosent seier dei har starta klimatiltak etter at dei vart med i nettverket.
- 82 prosent synest det har vore nyttig eller nyttigare enn forventa å delta i nettverket.
- 60 prosent vil behalde eitt felles nettverk når fylket blir delt.

Samtidig skal det også nemnast at medlemmene set større pris på fysiske enn digitale møte. Nokon synest også det er krevjande å fange opp alt som skjer, sidan det blir kommunisert både via e-post og i Teams-kanalar.



4. Arbeidsgrupper i nettverket

Etter initiativ frå medlemmene er det oppretta tre arbeidsgrupper i nettverket. Dette er grupper som spesialiserer seg innan

- solenergi
- biogass i tungtransport
- grønne innkjøp

Berre 40 prosent av nettverksmedlemmene oppgav i brukarundersøkinga i vår at dei har delteke på møte i arbeidsgruppene. Det er likevel bra at erfaringa til dei som har delteke er veldig positiv.



5. Klimasatsprosjekt: «Klimavennlege anskaffingar»

I 2022 fekk Klima- og Energinettverket i Vestfold og Telemark midlar frå Miljødirektoratet si klimasatsordning til det toårige prosjektet «Klimavennlege anskaffingar». Ein prosjektleiar vart tilsett og prosjektet starta opp i januar 2023. Prosjektet skal hjelpe kommunane i storfylket med å komme i gang med grønne innkjøp, og jobbar tett med innkjøpsnettverka i fylket og i Kongsberg-regionen og Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). Andre samarbeidspartar er Bondelaget i Vestfold, Bondelaget i Telemark, Bonde og småbrukarlaget i Telemark, Kommunenes

sentralforbund (KS), Leverandørutviklingsprogrammet (LUP), Viken fylkeskommune og Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO).

Prosjektet skal nå ut til alle kommunar, ikkje berre dei som er medlemmer i Klima- og energinettverket. Det skal arrangere fagsamlingar for offentlege innkjøparar i Vestfold og Telemark, og skal formidle gode døme på klimavennlege innkjøp på tvers av kommunar og innkjøpssamarbeid. Dessutan skal prosjektet hjelpe kommunane å ta i bruk klimakrav i innkjøp og i utviklinga av innkjøpsstrategiar ved å dele gode døme på krav og kriterium for klimavennlege anskaffingar.



Målet med prosjektet er òg å auke kunnskapen i kommunane og fylkeskommunen, bidra til å redusere klimagassutslepp frå innkjøp og betre marknaden for klimavennlege tenester og produkt.

Dette er gjennomført i 2023:

- Behovskartlegging blant innkjøparane i kommunane, innkjøpssamarbeida og fylkeskommunen.
- Kommuneturné er påbyrja – besøkt sju kommunar (Tokke, Vinje, Kviteseid, Skien, Siljan, Porsgrunn og Tinn).
- To fysiske fagsamlingar for innkjøparar med omkring 100 deltakarar.
- Dagskonferanse i Larvik om Klimavennlege bygganskaffingar i samarbeid med Entreprenørforeininga for Bygg og Anlegg. Omkring 80 deltakarar.
- Webinar om klimakrav i transport anskaffingar.
- Evaluering av gjennomførte arrangement.
- Formidla gode døme på samlingar og tips til kommunane.
- Vektlagt klimavennlege innkjøp på møte i klima- og energinettverket.

6. Medlemmer og partnarar

Ved oppstarten av nettverket i oktober 2020 signerte 22 verksemder (inkludert kommunar) klimaavtalen som dannar grunnlaget for medlemskap i nettverket. Per oktober 2023 er 20 av 23 kommunar og 43 verksemder frå næringsliv og academia medlemmer i Klima- og energinettverket i Vestfold og Telemark. Klima- og energinettverket har ikkje hatt kapasitet til å rekruttere nye medlemmer i 2023, difor er det gledeleg å sjå at vi trass i dette har fått eit par nye medlemmer i løpet av året. Det er gratis å vere medlem, men i medlemskontrakten forpliktar medlemmene seg til å jobbe systematisk med klima- og miljøstyring, samtidig som dei forankrar klimaarbeidet hos leiinga. Dei må også lage klimarekneskap og etter kvart også lage klimabudsjett. Dei tek også på seg å bidra aktivt inn i nettverket.



Figur 1. Medlemmer i nettverket per august 2023

Nettverket har også fleire samarbeidspartnarar som BYGG i TRE, Norsk senter for sirkulærøkonomi (tidlegare No Waste), Powered by Telemark, Bondelaget i Vestfold og Bondelaget i Telemark. I tillegg deltek Klima- og energinettverket i Klimapartnere-nettverket, som er etablert i dei andre fylka i Noreg.



Figur 2. Samarbeidspartnarar per august 2023

7. Klimarekneskap på 1-2-3

Klimarekneskapan skal vise kor mykje CO₂ du slepper ut. Seks ulike gassar blir rekna om til det som blir kalla CO₂-ekvivalentar. CO₂ er den klart mest dominerande av klimagassane. Resten av gassane blir rekna om til CO₂-ekvivalentar med følgjande faktor:

Gass	Utslippsfaktor	Forklaring
Metan (CH ₄)	28	1 kg metan har same oppvarmingspotensial som 25 kg CO ₂ .
Lystgass (N ₂ O)	265	
HFK (f.eks. 134A)	1 300	
PFK-gassar (CF ₄)	6 630	
PFK-gassar (C ₂ F ₆)	11 100	
Svovelheksafluorid (SF ₆)	23 500	

Tabell 1: Utslippsfaktorar for CO₂-ekvivalentar. Kilde: Miljødirektoratet

Klimarekneskapan består av tre delar:

- Scope 1: Direkte utslipp frå anlegg og maskiner du eig sjølv.
- Scope 2: Utslipp som stammar frå elektrisitet, fjernvarme eller -kjøling.
- Scope 3: Indirekte utslipp frå produksjon og transport av varer og tenester som du kjøper inn.

Det viktigaste formålet med å føre klimarekneskap er å få ein oversikt over eigne direkte og indirekte utslepp. Målet er at alle skal kutte utsleppa sine i klimafokus 1 og 2. Dersom alle verksemdar klarer det, vil også dei indirekte utsleppa reduserast.

Dei fleste av medlemma i Klima- og energinettverket har byrja å føre klimarekneskap etter at dei vart medlemmer i nettverket, altså i berre to til tre år. I nettverket har vi understreka at det viktigaste vi gjer er å komme i gang med klimarekneskapen – det treng ikkje vere perfekt frå dag ein. Alle utslepp vil ikkje bli dokumenterte frå starten. År for år vil verksemda få oversikt over fleire utsleppskjelder og aktivitetar. Det vil altså sjå ut som at utsleppa «går opp» desse fyrste åra, fordi verksemdene får betre oversikt, og får inkludert fleire utsleppskjelder år for år. Dette gjeld ikkje minst innanfor klimafokus 3 – altså utsleppa frå innkjøpte varer, reiser og tenester, der verksemdene jobbar godt med å klare å identifisere nye utsleppskjelder år for år. Dess meir oversikt vi får, dess høgare utslepp vil vi altså ha, no i starten.

Vi vil difor understreke at oversikten under, som viser klimarekneskapen frå verksemdene i nettverket, ikkje er eit fullstendig bilete av dei reelle utsleppa til ei verksemd. Det må fyrst og fremst sjåast på som eit verktøy til å identifisere utslepp, som vi kan bruke som utgangspunkt til å gjennomføre tiltak og utsleppskutt.

Det skal også presiserast at 2022 var eit spesielt år, sidan det var fyrste året med full aktivitet etter koronaåra 2020 og 2021. Også dette ser vi resultatata av, ved at aktiviteten har auka blant medlemma våre.



8. Klimarekneskap for 2022

Korleis har dei enkelte medlemmene i Klima- og energinettverket gjort det på klimafronten?

Nedanfor kan du lese hovudpunkta frå klimarekneskapane deira. Rekneskapane som er inkluderte i Klimabarometeret har vorte sendt inn til sekretariatet for klima- og energinettverket eller vore lett tilgjengelege på internett.


8.1. Færder kommune

Færder kommune er ein øykommune ytst i Oslofjorden. Kommunen hadde 27 286 innbyggjarar per 1. januar 2023.

Det overordna målet til Færder kommune er å redusere klimagassutsleppa frå kommunen si eiga verksemd med 90 % frå 2009 til 2030. For Færder-samfunnets del er hovudmålet å kutte utsleppa i same periode med 50 %.



Utslepp for Færder kommune




Figur 3. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Færder kommune i 2022, målt i tonn CO₂e.

Dei direkte utsleppa (scope 1) stammar frå kommunen sine eigne tenestebilar, og desse fall med 10 prosent frå 2021 til 2022. Færder kommune hadde eit energiforbruk på 16,9 GWh i 2022, og har brukt ein utsleppsfaktor for elektrisitet på 0,110 kg CO₂e/kWh (nordisk straummiks frå Asplan Viak). Då straumprisane steig til vêrs seinsommaren 2022, vart det nødvendig å innføre ekstraordinære tiltak for å redusere straumforbruket. Færder klarte å redusere energiforbruket sitt med 6 % frå 2021 til 2022. Dei indirekte utsleppa kjem frå skuleskyss, ferjedrift, innkjøp av elbil og solceller, matsvinn, køyregodtgjersler, pendling og flyreiser i jobb. Utsleppa for scope 3 fall med éin prosent. Totalt rapporterte Færder kommune eit utslepp frå eiga verksemd på 2 980 tonn CO₂e i 2022, noko som er seks prosent lågare enn året før.

8.2. Holmestrand kommune

Holmestrand kommune ligg nord i Vestfold og ved inngangen til 2023 hadde den 26 200 innbyggjarar. Kommunen vedtok ein ny kommunedelplan for klima, energi og miljø i september i år. Samtidig har han sett opp ein handlingsplan fram mot 2035. Hovudmåla i kommunedelplanen er at dei direkte utsleppa frå kommunen si eiga verksemd skal kuttast med 50-55 prosent innan 2030, mens indirekte utslepp skal reduserast betydeleg frå 2021 til 2030.




Figur 4. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Holmestrand kommune i 2022, målt i tonn CO₂e.

Dei direkte utsleppa i scope 1 fall med 32 prosent, og dette kjem i stor grad av ein stor nedgang i bruken av fyringsolje. Tilsvarende stor reduksjon – 32 prosent – var det i straum- og elkraftforbruket i scope 2. Dei fleste utsleppa i Holmestrand er blant dei indirekte utsleppa i scope 3, og desse auka med 15,6 prosent i 2022. Auken kjem blant anna av fleire tenestereiser. Totalt auka kommunen sine eigne utslepp med 8,0 prosent i 2022.

8.3. Horten kommune

Horten ligg i Vestfold og grenser til Tønsberg og Holmestrand kommunar. Kommunen hadde 27 600 innbyggjarar ved inngangen til 2023. Kommunen har ein eigen klimaårsrapport der klimarekneskapen blir presentert og blir kommentert.



Figur 5. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Horten kommune i 2022, målt i tonn CO₂e.


Klimarekneskapen tek for seg Horten kommune som verksemd. Innan scope 1 fall utsleppa med heile 17 prosent frå 2021 til 2022. Dette kjem av lågare forbruk av bensin og diesel frå tenestebilane, i tillegg til lågare forbruk av gass til oppvarming og fjernvarme. I scope 3 auka utsleppa 39 prosent fordi aktivitetsnivået – tenestekjøring og flyreiser – auka då samfunnet opna opp igjen. Utsleppet til kommunen frå eiga verksemd enda på 661 tonn CO₂e i 2022, 9,0 prosent ned frå året i førevegen.



8.4. Kviteseid kommune

Kviteseid ligg i Vest-Telemark, og hadde 2 427 innbyggjarar ved inngangen til 2023.

Kviteseid kommune har vedteke felles klimaplan for Vest-Telemark og klimabudsjett for perioden 2023-2026. Hovudmålet for kommunane i Vest-Telemark er å redusere det totale klimafotavtrykket frå eiga verksemd, ta vare på naturmangfaldet og vere pådrivar for klimavennlege løysingar i regionen i samsvar med nasjonale føringar og målsetjingar.



Figur 6. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Kviteseid kommune i 2022, målt i tonn CO₂e.


Dei direkte utsleppa kjem frå oppvarming og transport, og frå 2021 til 2022 har det vore ein nedgang på 25 prosent i scope 1. Kviteseid har, på lik linje med fylkeskommunen, ikkje valt ein utsleppsfaktor for straumforbruket sitt, og rapporterte i scope 2 eit forbrukt på 3,4 GWh, som er ein nedgang på 17 prosent frå 2021 til 2022. I scope 3 kjem dei rapporterte utsleppa frå egne køyretøy/maskiner, drift/vedlikehald av veg, køyregodtgjersler for bil, flyreiser i jobb og avfall. Det har vore ein auke i dei indirekte utsleppa på 14 prosent frå 2021 til 2022. Det er naturleg å tru at auken kjem av gjenopninga av samfunnet, med fleire fysiske møte og høgare reiseaktivitet. Kviteseid kommunes totale kartlagde utslepp vart ståande uendra på 81,9 tonn CO₂e frå 2021 til 2022..

8.5. Larvik kommune

Larvik kommune ligg lengst sør i Vestfold og hadde 48 246 innbyggjarar per 1. januar 2023.

Larvik kommune har vedteke følgjande klimamål for planperioden 2021-2024:

- Larvik kommune som samfunn har innan 2030 redusert dei direkte utsleppa av klimagassar med minst 50 % set opp mot tidlegare samanliknbare tal.
- Larvik kommune skal vere eit lågutsleppssamfunn i 2050.
- Larvik kommune som bedrift skal vere klimanøytral innan 2025, utan kjøp av klimakvotar.
- Larvik kommune skal førebu seg til og tilpasse seg kommande klimaendringar.



Figur 7. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Larvik kommune i 2022, målt i tonn CO₂e.

I scope 1 fall utsleppa 14,4 prosent frå 2021 til 2022. Sidan referanseåret 2018 har dei direkte eigne utsleppa falle heile 47,2 prosent. Utsleppa stammar frå oppvarming og transport, og nedgangen kjem først og fremst av lågare forbruk av propan, utskifting til elbilar, digitale møte og elsyklar til tenestereiser.

I scope 2 har Larvik kommune valt å setje utsleppsfaktor for elektrisitet til null, og dei hadde eit energiforbruk på 44,1 GWh i 2022. Energiforbruket i formålsbygga til kommunen har i åra 2018-2022 falle med rundt 10 prosent. Kommunen har sett i gang enøk-tiltak på sjukeheimane, og tiltak blir gjennomført kontinuerleg i bygningsmassen til kommunen. Nedgangen i energiforbruket kan også forklarast med overgangen til LED-lys.

I perioden 2018-2022 har utsleppa auka med 23 prosent i scope 3. Ser ein bort i frå utsleppskjeldene som Larvik kommune ikkje har kontroll over, så har det vore ein nedgang på rundt 10 prosent i same periode. Dei kartlagde utsleppa kjem frå avfall og tenestereiser.

Totalt hadde Larvik eit utslepp på 1 162 tonn CO₂e i 2022, og dette er ein nedgang på 4,0 prosent.

8.6. Sandefjord kommune

Sandefjord er den mest folkerikekommunen i fylket med 65 574 innbyggjarar ved inngangen til 2023.


Kommunen har følgjande overordna klimamål for planperioden 2019-2031:

- Innan 2030 skal klimagassutsleppa i kommunen vere reduserte med minst 40 % samanlikna med 1990-nivå.
- Sandefjord kommune si eiga verksemd skal vere klimanøytral innan 2050.

- Sandefjord kommune skal ha nødvendig kunnskap, planar og beredskap for å kunne avgrense konsekvensane av klimaendringar.

Dei rapporterte tala frå Sandefjord tek utgangspunkt i Miljøfyrtårn-rapporteringa til kommunen. Det direkte utsleppet til kommunen fall med 3,2 prosent (scope 1) frå 2021 til 2022. Utsleppa kjem frå oppvarming og transport. Noko av årsaka til nedgangen i utsleppa var mindre bruk av bensin, olje og diesel.






Figur 8. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Sandefjord kommune i 2022, målt i tonn CO₂e.

I 2022 hadde Sandefjord kommune eit energiforbruk på 56,4 GWh, og ein utsleppsfaktor for elektrisitet på 119 gram CO₂e/kWh. Energiforbruket fall med 3,4 prosent i 2022 (scope 2). Det indirekte utsleppet til kommunen bestod av avfall og tenestereiser med fly, og det har vore ein auke på 74,6 % frå 2021 til 2022 i scope 3. Fleire flyreiser og meir restavfall er hovudårsaka til dette. Totalt hadde Sandefjord kommune eit utslepp på 9 654 tonn CO₂e i 2022, og dette var 1,3 prosent lågare enn året i førevegen.

8.7. Tokke kommune

Tokke ligg i Vest-Telemark og hadde 2 427 innbyggjarar per 1. januar 2023. Kommunen har, saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark, vedteke ein felles klimaplan for perioden 2022-2030. Hovudmålet for kommunane i Vest-Telemark er å redusere det totale klimafotavtrykket frå eiga verksemd, ta vare på naturmangfaldet og vere pådrivar for klimavennlege løysingar i regionen i samsvar med nasjonale føringar og målsetjingar.



Figur 9. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Tokke kommune i 2022, målt i tonn CO₂e.


Dei direkte utsleppa i scope 1 er i praksis kommuneforbruket av diesel til eigne køyretøy, og dette auka med 3,4 prosent frå 2021 til 2022. I scope 2 hadde kommunen eit energiforbruk på 4,3 GWh, og den bruker ein utsleppsfaktor for straum på 80 gram CO₂e/kWh. Frå 2021 til 2022 fall energiforbruket med 7 prosent (scope 2). Dei indirekte utsleppa i scope 3 kjem frå avfall og køyregodtgjersler, og desse fall med 13,4 prosent frå 2021 til 2022, sjølv om utslepp frå tenestereiser auka med 46,8 prosent. Dette kan forklarast med at samfunnet vart opna opp, og fleire møte og arrangement vart gjennomførte fysisk. Totalt hadde Tokke kommune eit klimautslepp på 519 tonn CO₂e i 2022, og dette er 5,8 prosent lågare enn året før.

8.8. Tønsberg kommune

Tønsberg blir rekna som Noregs eldste by og vart grunnlagd i år 871. Byen er hovudsete for statsforvaltaren i fylket, og er med 58 561 innbyggjarar den nest mest folkerike kommunen i fylket.

I 2018 vedtok bystyret i Tønsberg kommune «Kommunedelplan for klima og energi 2018-2028», og dei har sett seg følgjande klimamål:

- Tønsberg kommune som lokalsamfunn skal i 2030 sleppe ut 40 % mindre klimagassar enn i 1990. Utslepp frå Esso Slagentangen skal ikkje reknast med.
- Tønsberg kommune skal vere karbonnøytral i 2050.
- I 2030 er stasjonær energibruk i bygg og anlegg redusert med 20 % samanlikna med 1990 (talet gjeld energibruk per person i kommunen).



Figur 10. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Tønsberg kommune i 2022, målt i tonn CO₂e.


Tønsberg kommune klarte å kutte dei direkte utsleppa sine (scope 1) med 7,6 prosent frå 2021 til 2022. Utsleppa kjem frå oppvarming av bygg med propan og naturgass i tillegg til drivstoff frå egne kjøretøy. For scope 2 bruker kommunen ein utsleppsfaktor for elektrisitet på 110 gram CO₂e/kWh. Straumforbruket auka i 2022 med 35,4 prosent og enda på 46,9 GWh. Dei indirekte utsleppa (scope 3) stammar frå elevtransport, tenestereiser og forbruket av papir, og desse auka med 4,6 prosent. Totalt rapporterte Tønsberg eit utslepp på 1 187 tonn CO₂e i 2022, som er 7,8 prosent opp frå 2021.

8.9. Vinje kommune

Vinje er den største kommunen i fylket målt etter areal, blir rekna som ein av dei største hyttekommunane i landet, og hadde 3 832 innbyggjarar ved inngangen til 2023.

Kommunen har forplikta seg til ein felles klimaplan for Vest-Telemark for perioden 2022-2030 saman med Tokke, Seljord, Kviteseid, Fyresdal og Nissedal. Hovudmålet for desse kommunane er å redusere det totale klimafotavtrykket frå eiga verksemd, ta vare på naturmangfaldet og vere pådrivar for klimavennlege løysingar i regionen i samsvar med nasjonale føringar og målsetjingar. I tillegg har Vinje sett seg sitt eige overordna klimamål om å redusere CO₂-utslepp med 60 % innan 2023 i forhold til referanseåret 2009 og sørge for ein klimatilpassa og robust kommune.





Figur 11. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Vinje kommune i 2022, målt i tonn CO₂e.


I scope 1 har dei direkte utsleppa til Vinje auka med 2,8 % frå 2021 til 2022. Dette består av drivstofforbruket til tenestekøyretøy. I scope 2 bruker kommunen ein utsleppsfaktor for elektrisitet på 17 gram kg CO₂e/kWh (henta frå NVE sin rapport frå 2019 for klimadeklarasjon for fysisk levert straum). Forbruket av energi var 24,8 GWh, som er 0,6 prosent opp frå 2021. Innanfor scope 3 består dei kartlagde indirekte utsleppa av avfall, drift av veg og tenestereiser. Desse utsleppa vart reduserte med 0,6 prosent i 2022. Totalt hadde Vinje eit utslepp frå eiga drift på 504,5 tonn CO₂e i 2022, som er 1,2 prosent høgare enn året før.

8.10. Vestfold og Telemark fylkeskommune

Fylkeskommunen er ein politisk styrt organisasjon, som blant anna står for drift av fylkesvegar, tannklinikkar og vidaregåande opplæring i regionen. Med over 4 000 tilsette er den ein av dei største arbeidsplassane i fylket etter fylkessamanslåinga i 2020. Fylket hadde 429 101 innbyggjarar ved inngangen til 2023.

Det overordna klimamålet til fylkeskommunen er å redusere dei direkte utsleppa i regionen med 60 % innan 2030, samanlikna med 2009. For fylkeskommunen si eiga verksemd gjeld følgjande mål:

- Redusere egne, direkte klimagassutslepp med 70 % i 2030, samanlikna med 2020.
- Redusere eigen energibruk med 15 % i 2030, samanlikna med 2020.
- Fylkeskommunal kollektivtrafikk i Vestfold og Telemark skal vere fossilfri innan 2027, basert på teknologinøytralitet. Klimagassutsleppa knytt til rammeavtalar og kontraktar i vegsektoren og for elevtransport skal vere kartlagt i løpet av 2023



Figur 12. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Vestfold og Telemark fylkeskommune i 2022, målt i tonn CO_{2e}.

VTFK sine direkte utslepp kjem frå oppvarming og transport, og det var ein reduksjon på 20 prosent frå 2021 til 2022 i scope 1. Bruken av fossile energikjelder var framleis sterkt fallande, med størst nedgang i bruken av propan og naturgass til oppvarming. Utsleppa frå egne kjøretøy auka med rundt 18 prosent i 2022, og kjem i hovudsak av gjenopninga av samfunnet. Samtidig gjekk elbilandelen opp frå 48 prosent i 2021 til 56 prosent i 2022.

Vestfold og Telemark fylkeskommune har ikkje valt ein utsleppsfaktor for elektrisitet, men rapporterte eit energiforbruk på 44,6 GWh. Forbruket vart redusert med 8 prosent frå 2021 til 2022 (scope 2). Nedgangen var ein konsekvens av energioppfølginga ved alle dei 34 verksemdene til fylket, utskifting av veglys til LEI og auka produksjon av solenergi.

Det indirekte utsleppet frå fylkeskommunen stammar frå avfall, kollektivtransport, transport, drift og utbygging av fylkesvegar og tenestereiser. Utsleppa frå tenestereiser med eigen bil og med fly auka, i tillegg til at utsleppa frå avfall også auka. Noko av dette kjem av at samfunnet gjekk frå delvis nedstenging i 2021 til full gjenopning i 2022, i tillegg til manglande rapportering og overgang til ny avfallskontrakt. I 2021 har fleire utsleppskjelder i scope 3 vorte lagde til i klimarekneskapan, slik at tala for 2021 og 2022 ikkje er samanliknbare. Totalt hadde fylkeskommunen eit utslepp på 26 325 tonn CO_{2e}, noko som er 51 prosent høgare enn i 2021. Auken kjem hovudsakleg av at fleire utsleppskjelder er tekne inn i rekneskapan for scope 3. Dersom ein held dei nye postane utanfor, fall dei totale egne utsleppa i fylkeskommunen med 2,2 prosent.

8.11. Atea

Atea er eit selskap i IT-bransjen, og dei har kontor i Norden og Baltikum. Dei har 88 kontor og 1 750 tilsette i Noreg. 2022 var det 16. året deira med klimarapportering. Målet til selskapet er å halvere klimagassutsleppa frå 2019 til 2030, for både scope 1, 2 og 3. Selskapet vart i 2023 kåra til ein av Europas klimaleiarar av den britiske avisa Financial Times, blant anna basert på dei gode resultatane i 2022.




Figur 13. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for den norske delen av Atea i 2022, målt i tonn CO₂e.

Scope 1 i Atea består av drivstofforbruk og utbytting av kjølegassar i maskiner. For selskapet sin norske del fall desse utsleppa med 7,8 prosent i 2022. For scope 2, som omfattar forbruket av elektrisitet, fjernvarme og -kjøling, kjøper Atea opphavsgarantiar. Frå eit marknadsperspektiv er difor 100 prosent av straumen dei bruker i den norske verksemda si utsleppsfri.

Dei har også berekna kor store utsleppa knytt til scope 2 hadde vore dersom dei ikkje hadde kjøpt opphavsgarantiar. Forbruket av elektrisitet, fjernvarme og -kjøling fall i 2022 med 19 prosent for den norske delen av Atea.

Innanfor scope 3 har Atea teke med mange faktorar i rapporteringa. Nytt for 2022-rapporten er at dei har teke med pendlinga til dei tilsette til og frå jobb og for drivstofforbruket har dei no inkludert alle utslepp i verdikjeda til drivstoffet frå «brønn til tank». Utslepp frå innkjøp av varer og tenester




står for nesten alle utsleppa i scope 3. I den norske delen av Atea fall scope 3-utsleppa med heile 29 prosent i 2022 åleine.

8.12. Backe Vestfold og Telemark

Entreprenørselskapet Backe vart etablert i 1946, og har kontor i heile Sør-Noreg. Konsernet har rundt 1330 tilsette, og 77 av desse jobbar i Backe Vestfold Telemark med Sandefjord som sin kontorstad.

Backe har sett seg eit mål om å redusere klimafotavtrykket gjennom 10 prosent årleg reduksjon av avfallsmengd og energiforbruk. Dei skal bidra til den sirkulære økonomien gjennom gode logistikkprosessar og auka materialgjenvinning. I tillegg skal byggjeplassane deira ha ei kjeldesorteringsgrad på minst 90 prosent.



Figur 14. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Backe Vestfold Telemark i 2022, målt i tonn CO₂e.


Dei direkte utsleppa (scope 1) har auka med 52,6 prosent frå 2021 til 2022, og kom frå transport og stasjonær forbrenning. Auken kjem av auka konsum av diesel til egne køyretøy.

I scope 2 var det totale utsleppet på 6,9 tonn CO₂e, og dette svarer til ein reduksjon på heile 62,3 prosent frå 2021 til 2022.

I scope 3 kjem dei indirekte utsleppa frå avfall, transport og diverse innkjøpte varer og tenester. Utsleppa i scope 3 har vorte redusert med 34 prosent, frå 180,3 tonn CO₂e i 2021 til 119,1 tonn CO₂e i 2022. Noko av reduksjonen kjem av auka forbruk av biodiesel, ei meir presis kartlegging av utsleppsfaktorane og avfallshandteringsmetode. Totalt hadde Backe Vestfold Telemark eit utslepp på 170,7 tonn CO₂e i 2022, som var 25 prosent lågare enn 2021 og 7,8 prosent under utsleppa i 2020.

8.13. FossTech

FossTech AS er eit FOU-, ingeniør- og produksjonsbedrift som held til i Stokke i Vestfold. Bedrifta har 73 tilsette og har vore medlem av klima- og energinettverket sidan 2021.



Figur 15. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for FossTech i 2022, målt i tonn CO₂e.

FossTech sine egne direkte utslepp stammar frå den eine varebilen til selskapet. Utsleppa har gått ned sidan dei har klart å effektivisere og koordinere talet på leveransar på ein betre måte.


Innanfor scope 2 fall straumforbruket med 4,5 prosent. Smartare energistyring og redusert bruk av stråleomnar bidrog til dette.

For scope 3 har selskapet teke inn ei rekkje nye postar, blant anna tenestereiser og innleigd varetransport, og dette er grunnen til at desse utsleppa ser ut til å auke med 146 prosent. Held vi dei nye postane utanfor er auken på 17,7 prosent, som i stor grad kan forklarast med auka omsetning, fleire tilsette og bygging av nye lokale.

Som FossTech sjølv seier det: «*Ingen kan gjere alt, men alle kan gjere noko*». Selskapet føler at medlemskapen deira i klima- og energinettverket er ein god samspelarena for det vidare klimaarbeidet.

8.14. Fritzøe Eiendom

Fritzøe Eiendom er eit selskap som driftar og utviklar eigedommar med base i Larvik. 2022 er det første året dei lagar klimarekneskap.



Figur 16. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Fritzøe Eiendom i 2022, målt i tonn CO₂e.

Utsleppet frå selskapet kan først og fremst knytast til elektrisitets- og fjernvarmeforbruk ved eigedommane til selskapet. Utsleppet frå elektrisiteten blir berekna ved å bruke ein faktor på 17 gram CO₂e/kWh. Fjernvarmen blir produsert ved selskapet sin eigne varmesentral i Hamnerdalen. Selskapet jobbar jamt og trutt med å redusere straumforbruket, og alle nye prosjekt skal ha eigne miljøambisjonar.


8.15. Gjennestad Drift

Gjennestad Drift er ei uavhengig og frittstående verksemd som vart etablert i 1946 og er eigd av Normisjon. Verksemda består av fleire avdelingar, der alle er samlokaliserte på Gjennestad i Stokke; veksthus, anleggsgartnar og park, Gjennestad hagesenter, internat og hushald, administrasjon og forvaltning, drift og vedlikehald. I tillegg eig dei Gjennestad barnehage. Verksemda har ni tilsette medan Gjennestad vidaregåande skule har ca. 175 elevar og 30 tilsette.

Bedrifta har etiske retningslinjer for blant anna klima og miljø. Dei vil vere ein samfunnsansvarleg aktør som tek ansvar for miljø og klima. Leverandørar som kan dokumentere miljøsertifiseringar blir prioriterte. Dei vel meir miljøvennlige produkt sjølv om prisen er noko høgare og andre kvalitetar er tilnærma lik. Bedrifta er Miljøfyrtårn-sertifisert, og totalt sett står fornybare energikjelder for 90 prosent av all energibruken deira. Det er også medrekna alle køyretøy.



Utslepp for Gjennestad Drift




Figur 17. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Gjennestad Drift i 2022, målt i tonn CO₂e.

For scope 1 auka utsleppa med 85 prosent i 2022, mykje på grunn av auka bruk av propan og at drivstofforbruket frå anleggsmaskiner for første gong er teken inn i rekneskapan. Gjennestad hadde eit straumforbruk på rundt 3,1 GWh i 2022, med ein utsleppsfaktor på 429 gram CO₂e/kWh (henta frå Miljøfyrtårn). Straumforbruket fall med 26,2 prosent frå 2021 til 2022. Dei indirekte utsleppa i scope 3 består av avfall og tenestereiser, og gjekk ned 8,9 prosent i 2022. Dei totale utsleppa til Gjennestad var 385 tonn CO₂e i 2022. Dette var 22 prosent høgare enn året før fordi nye element kom inn i rekneskapan.

8.16. Gurusoft

Gurusoft har over 20 års erfaring med utvikling av brukarvennlege og effektive digitale løysingar. Selskapet har 37 tilsette fordelt på kontor i Sandefjord, Oslo og Helsingborg.



Figur 18. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Gurusoft i 2022, målt i tonn CO₂e.


Gurusoft har rapportert om null utslepp i scope 1, noko dei har gjort sidan 2019.

I scope 2 auka straumforbruket med 47 prosent i 2022. Innanfor scope 3 kjem dei indirekte utsleppa i all hovudsak frå tenestereiser, men også frå avfall. Utsleppa frå scope 3 auka med 68 prosent i 2022. Totalt hadde Gurusoft eit utslepp på beskjedne 3,3 tonn CO₂e i 2022, som var 54 prosent meir enn året i førevegen.

8.17. Jotun

Jotun er ein av dei største målingsprodusentane i verda, med over 10 000 tilsette, fabrikkar i 40 land og kontor i over 100 land. Med ei omsetning på nær 28 milliardar kroner er det største selskapet i det fylket.

Konsernet har eit mål om å redusere utsleppa sine i scope 1 og 2 med 50 prosent frå 2017 til 2030. Innan 2030 skal også minst 70 prosent av elektrisiteten dei bruker vere fornybar.




Figur 19. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Jotun i 2022, målt i tonn CO₂e.

I åra 2017-2022 har selskapet redusert utsleppa sine i scope 1 og 2 med 4,0 prosent. I 2022 auka desse utsleppa med 0,5 prosent, trass i ein stor auke i produksjonsvoluma og auka aktivitetsnivå etter pandemien. Globalt sett auka selskapet delen fornybar elektrisitet frå 22 til 24 prosent i 2022. For tida jobbar Jotun med å kartleggje og dokumentere dei indirekte utsleppa sine i scope 3. Dei totale klimagassutsleppa var i 2022 på same nivå som dei var i 2011, og selskapet ser at investeringar i fornybar energi kan setje fart på utsleppsreduksjonane fram mot 2030.

8.18. Kragerø Fjordbåtselskap

Kragerø Fjordbåtselskap vart stifta i 1896, og har sidan den gong vore eit bindeledd mellom fastlandet og øyane i Kragerøskjærgården. Selskapet har fire båtar i trafikk, og alle køyrer på diesel. Selskapet har 43 tilsette og held til i Kragerø.

Så godt som alle klimagassutsleppa i selskapet stammar frå dieselforbruket til båtane deira, og desse ligg i scope 1. Utsleppa i scope 3 kjem frå køyregodtgjersle og tenestereiser med fly.




Figur 20. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Kragerø Fjordbåtselskap i 2022, målt i tonn CO₂e.

8.19. NOAH

NOAH vart etablert i 1991 og har 33 tilsette. Hovudkontoret ligg i Holmestrand sentrum, mens driftsaktivitetane i hovudsak går føre seg på Langøya utanfor Holmestrand. Kjerneoppgåva til bedrifta er å ta imot, behandle og forsvarleg lagre uorganiske overskotsmassar med ulike forureiningsgrad. NOAH spelar ei avgjerande rolle for at Noreg skal oppfylle premisen i regjeringas sirkulærstrategi om giftfrie krinsløp.

NOAH har som klimamål at verksemda på Langøya skal vere fossilfri innan utgangen av 2023, mens det totale klimagassutsleppet skal halverast i forhold til 2017-nivå innan utgangen av 2024. I tillegg sette NOAH seg allereie eit mål i 2015 om at dei innan 2025 skal vinne tilbake ein firedel av massane dei får.



Figur 21. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for NOAH i 2022, målt i tonn CO₂e.

Dei eigne direkte utsleppa i scope 1 kjem frå stasjonær forbrenning og drivstofforbruk, og dei fall med 10 prosent frå i 2022.


For scope 2 hadde selskapet eit straumforbruk på 12,6 GWh i 2022, og dette er 0,8 prosent lågare enn året i førevegen. Dei bruker ein utsleppsfaktor for elektrisitet på 396 gram CO₂e/kWh.

Dei indirekte utsleppa i scope 3 kjem frå avfall, transport og diverse innkjøpte produkt og tenester, og desse utsleppa fall med rundt 8 prosent i 2022. I 2022 hadde NOAH eit totalt utslepp på 40 570 tonn CO₂e, og dette var 7,5 prosent lågare enn året før.

8.20. NorEngros – Erik Tanche Nilssen

Erik Tanche Nilssen er eit familieeigd selskap som vart grunnlagt i 1902 av Erik Stennes Nilssen. Selskapet driv med engroshandel og grafisk produksjon. Selskapet held til på Kjørbekk i Skien, men har også avdelingar i Porsgrunn og Oslo. Selskapet har rundt 120 tilsette.

Erik Tanche Nilssen arbeider kontinuerleg med å førebyggje forureining frå eiga verksemd. Sidan 2019 har verksemda vore klimanøytral, ho er sertifisert i samsvar med ISO 9001 og ISO 14001, er medlem av returordninga Grønt Punkt og trykkjeriet deira er svanemerka.




Figur 22. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for NorEngros - Erik Tanche Nilssen i 2022, målt i tonn CO₂e.

Dei rapporterte direkte utsleppa i scope 1 kjem frå drivstofforbruk, og desse vart redusert med 27,5 prosent i 2022. Selskapet har ikkje valt ein utsleppsfaktor for elektrisitet, og dermed er det ingen utslepp i scope 2. I 2022 brukte bedrifta 1,6 GWh straum, og dette var ein nedgang på 4,8 prosent frå året før. Dei indirekte utsleppa i scope 3 har derimot auka mykje samanlikna med 2021. Gjenopninga av samfunnet førte til auka aktivitet og talet på flyreiser gjekk kraftig opp, og desse utgjør over 90 prosent av utsleppa i scope 3. Totalt rapporterer Erik Tanche Nilssen eit klimautslepp på 197,5 tonn CO₂e i 2022. Dette var meir enn ei dobling frå året i førevegen.

8.21. Skagerak Energi

Skagerak Energi er eit kraftkonsern med kraftproduksjon, nettdistribusjon, fjernvarme og morselskap. Konsernet har hovudkontor i Porsgrunn, har rundt 650 tilsette og over 200 000 nettkundar. Konsernet har eit mål om å vere klimanøytralt innan 2030.



Figur 23. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Skagerak Energi-konsernet i 2022, målt i tonn CO₂e.

Utsleppa i scope 1 omfattar drivstofforbruket for egne køyretøy, verktoy og aggregat, bruk av fossilt brensel i produksjon av fjernvarme, og dessutan utslepp av SF₆-gass. Auka drivstofforbruk for verktoy, utstyr og aggregat var hovudårsaka til at dei egne direkte utsleppa steig med nærare 20 prosent i 2022.

Straumforbruket i scope 2 auka med 2,5 prosent frå 2021 og enda på 9,6 GWh i 2022. Konsernet kjøper opphavsgarantiar for elektrisiteten dei bruker, og dermed rekneskapsføres det null i utslepp frå dette energiforbruket.


Utsleppa i scope 3 kjem frå tenestereiser og helikoptersynfaringar, og auka aktivitetsnivå etter pandemien førte til at utsleppa herifrå auka med 63 prosent i 2022.

Dei totale utsleppa frå Skagerak Energi-konsernet enda på 2 742 tonn CO₂-ekvivalentar. Dette var ein auke på 21 prosent samanlikna med året i førevegen.

8.22. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Statsforvaltaren er representanten til Kongen og regjeringa i fylket, og skal arbeide for at Stortinget og regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer blir følgt opp. Avgjerder som blir tekne sentralt, skal ofte gjennomførast i ein kommune. Statsforvaltaren er difor eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har om lag 190 tilsette fordelt på hovudkontoret i Tønsberg og avdelinga i Skien.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark skal bidra til å nå FN's bærekraftsmål. Verksemda er sertifisert som Miljøfyrtårn. Hovudkontoret er lokalisert i Tønsberg, men dei har også kontor i Skien. Statsforvaltaren er blant anna tilknytt fjernvarme, dei kjeldesorterer og nesten alle tenestebilane går på straum.



Figur 24. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark i 2022, målt i tonn CO₂e.

Direkte egne utslepp i scope 1 knyter seg til drivstoff frå varebilar og personbilar, og desse auka med 70 prosent i 2022.

Størstedelen av Statsforvaltarens utslepp ligg i scope 2, som er energibruken for verksemda. Dei nyttar seg av ein utsleppsfaktor for nordisk straummiks på 119 gram CO₂e/kWh. Straumforbruket auka med 5,0 prosent i 2022.


Innanfor scope 3 auka utsleppa med rundt 30 prosent som følgje av auka tal på flyreiser og køyregodtgjersler.

8.23. Sykehuset Telemark

Sykehuset Telemark er eit allsidig akuttsjukehus og tilbyr diagnostikk og behandling innanfor dei fleste spesialistområde. Sjukehuset i Telemark dekkjer tenestene til ein folkesetnad på rundt 170 000 innbyggjarar, og har om lag 3000 årsverk fordelt på rundt 4000 tilsette.

Hovudadministrasjonen ligg i Skien, men sjukehuset har også drift i Porsgrunn, Notodden, Rjukan, Kragerø, Seljord og Nordagutu.

Sykehuset Telemark er ein del av prosjektet «Grønt sjukehus», som er eit samarbeid mellom dei fire helseregionane om å få spesialisthelsetenestene til å bidra i klima- og miljøarbeidet. I tillegg er sjukehuset miljøsertifisert i samsvar med ISO 14001.




Figur 25. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Sykehuset Telemark i 2022, målt i tonn CO₂e.

Dei direkte eigne utsleppa i scope 1 kjem hovudsakleg frå forbruk av gassar som blir brukte i sjukehusbehandlinga, men også frå ambulansetransport og tenestebilar. Forbruket av gassar gjekk svakt ned og transporten gjekk litt opp, så totalt sett auka scope 1-utsleppa med 0,7 prosent i 2022. Scope 2, energibruken i bygga, er den største utsleppsposten ved sjukehuset. Mens straumforbruket i bygga auka med 2,5 prosent, gjekk utsleppa ned med heile 46 prosent sidan dei kjøpte det dei kallar «gjenvinningskraft». Dette er kraft frå industrien som elles ville gått til spille. Dei indirekte utsleppa i scope 3 auka, først og fremst på grunn av auka reiseverksemd med fly blant dei tilsette. Det totale utsleppet frå sjukehuset gjekk ned 30 prosent, godt hjulpet av «gjenvinningskrafta» dei kjøpte frå industrien.

8.24. Torp Sandefjord Lufthavn

Torp Sandefjord Lufthavn er Noregs største private lufthamn. Flyplassen har rundt 40 årsverk fordelt på administrasjon, flyplassdrift, servicesenter og bookingkontor. I 2022 nytta totalt 1,7 millionar passasjar seg av Torp når dei skulle ut og reise med fly.

Torp var den første flyplassen i Norden som vart sertifisert etter ISO 14001 standarden for miljøstyring. Drifta på Torp skal i minst mogleg grad belaste miljøet og betre miljøforholda der det er mogleg. Torp har ikkje sett seg nokon konkrete klimamål, men støttar Vestfold og Telemark fylkeskommune sitt mål om å redusere alle klimagassutslepp i fylket med 60 % innan 2030 samanlikna med 2009.



Figur 26. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Torp Sandefjord Lufthavn i 2022, målt i tonn CO₂e.

Dei direkte utsleppa i scope 1 kjem av drivstofforbruket til flyplassen sine firmabilar og maskiner. Desse utsleppa gjekk ned med 22 prosent frå 2021 til 2022, og nedgangen kjem av ny kontrakt på vintervedlikehald og mindre forbruk av drivstoff.

I scope 2 hadde Torp eit straumforbruk på 6,9 GWh i 2022, som var ein auke på 6,0 prosent frå året før. Selskapet bruker ein utsleppsfaktor for elektrisitet på 38 gram CO₂e/kWh.


Dei indirekte utsleppa i scope 3 kjem frå avfall og tenestereiser, og her var det ein markant auke i utsleppa på 85 prosent. Hovudårsaka er auke i talet på flyreiser blant dei tilsette, då pandemien hadde lagt ein dempar på reiseaktiviteten året i førevegen.

Totalt førte drifta av Torp til eit utslepp på 524,2 tonn CO₂e i 2022, og dette var to prosent lågare enn i 2021.



8.25. Universitetet i Sørøst-Norge

Universitetet i Sørøst-Noreg (USN) vart universitet i 2018 og har rundt 17 000 studentar og 2 000 tilsette, fordelt på 4 fakultet og administrasjon. Universitetet tilbyr meir enn 300 studiar fordelt på bachelor- og masterløp, i tillegg til årsstudium, enkeltemne, doktorgrad og vidare- og etterutdanning.



Figur 27. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Universitetet i Sørøst-Norge i 2022, målt i tonn CO₂e.


Til liks med mange andre offentlege aktørar, utgjer scope 3 den klart største andelen av det totale utsleppet hos Universitetet i Sørøst-Noreg. Husleige og utgifter til drift av eigedom utgjer ein stor del av innkjøpa og investeringane deira, og stod for 45prosent av utsleppa i scope 3.

Universitetet hadde totalt eit utslepp på 23 300 tonn CO₂e i 2022, ein auke på 60 % frå 2021.

8.26. Vow

Vow er eit selskap som lagar biokarbon, klimanøytral gass og biokol med eit mål om å avkarbonisere metallurgisk industri. 2022 er det andre året det børsnoterte selskapet lagar ein klimarekneskap.

Utslepp for Vow

Figur 28. Utslepp fordelt på scope 1, 2 og 3 for Vow ASA i 2022, målt i tonn CO₂e.

Eigne direkte utslepp auka med 7,5 prosent, og bestod av drivstofforbruk i eigne køyretøy og stasjonær forbrenning. Samtidig var energiforbruket i scope 2 uendra frå 2021 til 2022 takka vere kjøp av opphavsgarantiar for delar av straumforbruket.

For dei indirekte utsleppa i scope 3 har selskapet identifisert 12 ulike utsleppskjelder dei ønskjer å få med i rekneskapen. Så langt er fire av desse inkluderte i rekneskapen, men dei har eit mål om å få alle kjeldene med i klimarekneskapen innan 2025. Held vi dei nye postane for 2022 utanfor samanlikninga, finn vi ut at det totale utsleppet frå selskapet auka med 24,3 prosent i 2022.



9. Tankar om klimarekneskapsmetoden

Det finst ingen nasjonal standard, utvikla av sentrale styresmakter, som seier korleis du skal setje opp ein klimarekneskap. Difor har dei fleste bedrifter og verksemder ulike måtar å berekne og presentere klimarekneskapan på. Det blir difor vanskeleg å samanlikne rekneskap opp mot kvarandre.

Dei fleste klimarekneskapar er bygd opp etter systematikken i den internasjonale GHG-protokollen, som seier at utsleppa kan delast inn i tre hovudkategoriar. På norsk blir desse kategoriane førebels kalla «klimafokus 1», «klimafokus 2» og «klimafokus 3», men det er mange som brukar den engelske terminologien «scope 1», «scope 2» og «scope 3». Dette er ord og uttrykk som berre dei innvigde klimaproffane forstår innhaldet av. Klima- og energinettverket i Vestfold og Telemark saknar eit tydeleg og forklarande ord for dei tre kategoriane. Skulle vi kalla kategoriane for «nivå 1, 2 og 3»? Eller skulle vi gjort som ein gjer i rekneskapsverda elles, nemleg brukt namn som skildrar innhaldet i kategoriane: 1) Eigne direkte utslepp, 2) energibruk og 3) indirekte utslepp. Dette er spørsmål vi håpar snart blir avklart ved at det kjem ein felles, nasjonal standard innanfor klimarapporteringa. Poenget er likevel å få klimarekneskap til å bli forståeleg, slik at det forhåpentleg blir litt lettare å skjønne kva ein ser i klimarekneskapan ein sit med framfor seg. Vi har forsøkt å gjere vårt beste i den presenterte oversikta, og håpar at den kan vere både til inspirasjon og gje grunnlag for vidare arbeid med klimarapportering og kutt i eigne utslepp.



Vestfold og Telemark fylkeskommune
vtfk.no

Postadresse: Postboks 2844, 3702 Skien

Besøksadresser: Torggata 18, Skien / Svend Foynsgate 9, Tønsberg

Kontakt: 35 91 70 00 / post@vtfk.no

